| | |
|---|---|
| Sak | **Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering** |
| Dato utsendt på høyring | 21.11.16 |
| Høyringsfrist | 9.12.16 |
| Send høyringsinnspel til | post@hib.no; postmottak@hsh.no; post@hisf.no |
| Bakgrunn for saka | Avgjerd om leiing og fagleg organisering er sentralt i forminga av HVL. Delprosjektgruppa fekk i mandat å legge fram forslag til organisering av den faglege verksemda på nivå 1 og 2, samt prinsipp for nivå 3. Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og alternative løysingar. I vedlagte høyringsbrev framgår dei sentrale spørsmåla, og dei er også løfta fram som eigne punkt i dette skjemaet.<br><br>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg). |
| Me ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten): | |
| **Kap 2** | Er premissane og inngangen tydeleg og meiningsfull? |
| **Kap 3** | Er modelltypane - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte?<br>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?<br>Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?<br>Bør fakulteta ha omtrent same storleik?<br>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?<br>Er disiplinfaga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet? |
| **Kap 4** | Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen?<br>Er prinsippa for smale eller for vide? |
| **Kap 5** | Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?<br>I høringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?<br>Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg? |

| | |
|---|---|
| | Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonalisering?<br>Er dei råd og utval som er omtale i høyringsutkastet tenlege?<br>Er det utval eller liknande som manglar? |
| Ansvarleg | Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Leiing og fagleg organisering |
| Utsendar | Prosjektsekretariatet |

# HØYRINGSINNSPEL

| | |
|---|---|
| Sak | **Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering** |
| Høyrings-instans (svarar) | Parat<br>v/Høgskolen Stord/Haugesund |
| Ev. prosess bak høyrings-innspelet | Møte med medlemmane i Parat om felles innspel |
| **Innspel**<br>Bruk fleire sider om det trengs | |
| **Kap 2** | Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov |
| | |
| **Kap 3** | Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov |
| | |
| **Kap 4** | Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov |
| | |
| **Kap 5** | Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov |
| | Parat HSH meiner HVL bør gå for ei toppleiargruppe på nivå 1 beståande av rektor, 3 prorektorar og 2 direktørar (Alt A – blandingsmodell i høyringsnotatet) .<br>Høyringsnotatet legg opp til at fakulteta må ha fullverdige og solide administrative tenester, samtidig som ein har ein fellesadministrasjon med systemeigarroller. Parat HSH meiner det er viktig at ein ikkje bind opp større administrasjon til fakulteta enn det som er trengs for å fylle naudsynte oppgåver på fakultets- og eventuelt instituttnivå. Vi må unngå at fakulteta blir ein «institusjon i institusjonen», med ulik forvaltning av regelverk mm. Vi må sikre likebehandling av både studentar og tilsette, uavhengig av kva fakultet eller studiestad ein høyrer til. Dette for å kunne ivareta god og lik forvaltning, standardisering og kvalitetssikring av felles regelverk.»<br>I kommande prosjekt som omhandlar administrativ organisering må ein få moglegheit til å vurdere enkeltvis kva for tenester som er mest |

| | |
|---|---|
| | hensiktsmessig å leggje til felles- eller fakultetsadministrasjon, difor er det viktig å ikkje leggje  sterke føringar på dette i denne rapporten. |
| Andre merknader | |